



Halve taket vart rasert hos Kåre Vetthus

**Stormen Berit har gjort seg gjeldande også i Uskedalen. Natt til idag, truleg ved 4-tida, tok ei kraftig vindrosse tak i løa til Kåre Vetthus og sende halvparten av taket meir enn 100 meter,**

**Taket vart delt opp og funne liggjande langt nedafor fylkesvegen.**

Samtidig vart eit lite hus som har vore nytta til kjølerom for hjort snudd opp ned og flytta nokre meter. Ein bil som stod parkert ved løa vart derimot ikkje skada noko nemneverdig.

Det er ikkje første gongen at vinden gjer skade i dette området, For nokre få år sidan vart til dømes ein løevegg rasert litt lenger oppe.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Løetaket vart liggjande langt nedafor vegen